



STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune Reguleringsplan E39 Ørskogfjellet-Vik Trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til brev av 16.05.2023 med forslag til revidert planforslag for reguleringsplan E39 Ørskogfjellet-Vik.

Vi viser også til vårt høyringsbrev med motsegn datert 11.02.2022 og 04.11.2022, samt tilbakemelding på førespurnad om å trekke motsegn datert 11.05.2023.

Etter sistnemnte brev vart sendt hadde vi to attståande motsegn:

- *Vi vil oppretthalde vår motsegn inntil det er tilfredsstillande avklart at regulert veglinje er den beste løysinga for kystmyr, viktige leveområde for artar og verneområda samla sett, jamfør naturmangfaldlova § 10 om samla belastning*
- *Vi vil også oppretthalde vår motsegn inntil avbøtande tiltak for å hindre drenering av myr er ytterlegare sikra i plana*

Statsforvaltaren fekk tilsendt nytt forslag til løysing av motsegnene i e-post datert 12.05.2023, med påfølgande møte 15.05.2023.

Basert på tilbakemeldingane i møtet har Statens vegvesen 16.05.2023 sendt over eit forslag til endring som imøtekjem våre motsegnspunkt.

Heile planen blir endra til områdeplan og det blir stilt krav om detaljregulering for profil 840-1450. Området er avmerkt som bestemmelsesområde i plankartet. Foreslått føresegn er som følgjer:

§8.6 Krav om detaljregulering (#6)

For profilområdet 840-1450 skal det utarbeides detaljregulering før utbygging kan skje.

Detaljreguleringsplan i profilområdet 840-1450 utarbeides i sammenheng med detaljregulering av ny E39/E136 videre mot sørvest.

Det er vidare satt ytterlegare krav til etablering av tetningsvoll for å hindre drenering av myr.

Følgande er foreslått supplert i føresegn §3.7c): *Tetningsvoll skal byggjes som en del av støyvollen på vestsiden av ny E39 i profil 1330- 1420, og langs Skitnesetervegen i profil 920 og ned til Skorgeelva.*

§ 9.2 får ny bokstav i) med følgende ordlyd: *For å hindre drenering av myrområder skal tetningsvoller som er omtalt i § 3.7 c) bygges før annet anleggsarbeid starter i området.*

Med føresetnad av at desse endringane blir innlemma i plankart og føresegner **trekker vi motsegnene** til reguleringsplan E39 Ørskogfjellet-Vik.

Vi ber om at reviderte plandokument blir sendt til oss så snart dei er ferdigstilt.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. Statsforvaltar

Ulf Lucasen
ass. miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

VESTNES KOMMUNE

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

NVE VEST

Rådhuset Brugata 10

Postboks 2500

Naustdalsvegen 1B

6390

6404

6800

VESTNES

MOLDE

FØRDE